



Kommunestyret ber rådmann om å ta ekstra hensyn til sykkelparkering ved framtidige planar i kommunen, og ein ber vidare rådmann følgje opp kontakt med fylkeskommunen for etablering av ny og betre sykkelparkering ved trafikkterminalen ved hurtigbåt/ferjeleiet.

Ingen representantar motsette seg å realitetshandsame saka

Røysting:

Forslaget frå ordføraren ble samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret ber rådmann om å ta ekstra hensyn til sykkelparkering ved framtidige planar i kommunen, og ein ber vidare rådmann følgje opp kontakt med fylkeskommunen for etablering av ny og betre sykkelparkering ved trafikkterminalen ved hurtigbåt/ferjeleiet.

PS 21/19 Avhending av Brandal fiskerihamn

Kommunestyret si handsaming:

Tilråding frå formannskapet:

1. Hareid kommunestyre ynskjer primært at Brandal fiskerihamn skal være i statleg eigarskap også i fortsettinga.
2. Hareid kommune ynskjer å nytte forkjepsretten ved eventuell avhending av Brandal fiskerihamn.
3. Forutsetninga er at tiltaket er sjølvfinansierande.

Bernt Brandal, FOHA, fremma følgande forslag:

Prinsipielt meiner kommunen at slike område bør halde fram med å vere i statleg eigarskap. Hamnene er bygde opp på fellesskapet sine midlar, og då bør dei framleis vere i offentleg eigarskap slik at dei er til nytte og glede for ålmenta for all ettertid.

Det er framleis næringsaktivitet i hamna av fiskararar, anløp av losskøyta og andre kommersielle anløp. Dette er eit viktig argument for framleis statleg eigarskap.

Dersom ikkje statlege institusjonar/fylkeskommunen likevel har interesse av Brandal hamn, vil Hareid kommune melde si interesse for å kjøpe henne. I denne samanheng må administrasjonen avklare om taksten er rett eller om den inkluderer eigedomar og installasjonar eigd av kommunen, private og Brandal Båtlag. I so fall må kjøpesummen reforhandlast.

Dersom Hareid kommune kjøper fiskerihamna, må ein gå i drøftingar med Kystverket og få fylgjande avklaringar:

- Nøyaktig kva område i Brandal Fiskerihamn er til sals.
- Kva rettar og anlegg høyrer med i det staten skal avhende.

Etter naudsynte avklaringar kan forhandling om pris verte aktuelt.

Føresetnad for eventuelt kjøp:

- Kjøpet skal vere sjølvfinansierande.
- Fiskeriinteressene skal takast vare på både i dag og i framtida.



- Om kommunen ein gong i framtida ynskjer å avhende Brandal hamn, skal ein operere med prioritert forkjøpsrett etter same mal som ein gjer i denne omgangen, noko som skal tinglysast:
 - Statlege institusjonar (til takst)
 - Fylkeskommunale institusjonar (til takst)
 - Lag og foreiningar med ålmennyttige føremål (til takst)

Gruppemøte kl 21-2105

Røysting:

Røyster alternativt over tilråding og forslaget frå Brandal.

Bernt Brandal sitt forslag blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Prinsipielt meiner kommunen at slike område bør halde fram med å vere i statleg eigarskap. Hamnene erbygde opp på fellesskapet sine midlar, og då bør dei framleis vere i offentleg eigarskap slik at dei er til nytte og glede for ålmenta for all ettertid.

Det er framleis næringsaktivitet i hamna av fiskararar, anløp av losskøyta og andre kommersielle anløp. Dette er eit viktig argument for framleis statleg eigarskap.

Dersom ikkje statlege institusjonar/fylkeskommunen likevel har interesse av Brandal hamn, vil Hareid kommune melde si interesse for å kjøpe henne. I denne samanheng må administrasjonen avklare om taksten er rett eller om den inkluderer eigeidomar og installasjonar eigd av kommunen, private og Brandal Båtlag. I so fall må kjøpesummen reforhandlast.

Dersom Hareid kommune kjøper fiskerihamna, må ein gå i drøftingar med Kystverket og få fylgjande avklaringar:

Nøyaktig kva område i Brandal Fiskerihamn er til sals.

- Kva rettar og anlegg høyrer med i det staten skal avhende.

Etter naudsynte avklaringar kan forhandling om pris verte aktuelt.

Føresetnad for eventuelt kjøp:

- Kjøpet skal vere sjølvfinansierande.
- Fiskeriinteressene skal takast vare på både i dag og i framtida.
- Om kommunen ein gong i framtida ynskjer å avhende Brandal hamn, skal ein operere med prioritert forkjøpsrett etter same mal som ein gjer i denne omgangen, noko som skal tinglysast:
 - Statlege institusjonar (til takst)
 - Fylkeskommunale institusjonar (til takst)
 - Lag og foreiningar med ålmennyttige føremål (til takst)